



INFORMASJON

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 04- 2015 Torsdag 07. mai 44. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 18. juni 2015*

*Nytt stoff innan: 02. juni 2015*



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90, faks 56 16 72 91

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheim.kyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Selsøy 8. mai  
Fredsmarkering med gudsteneste  
Sjå eige kunngjering

Kristihimmelfartsdag 14. mai  
Friluftsgudsteneste på Rongevær kurs og fritidsenter  
Per Børge Hillestad og Wilco Vogelaar  
Speidarane deltek, Dåp  
Båtskyss frå Baløy frå kl. 11.00  
Før gudstenesta er det sal av mat  
Høve til å ta sporløpet på øya og tid til ein god prat

17. mai  
Festgudsteneste Kyrkja kl. 10.00  
Austrheim skulemusikk og  
Austrheim songlag deltek

Kaland skule kl. 11.30  
Kaland skulemusikklag deltek

Magne Bjørndal og Jostein Hauge  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp  
på begge gudstenestene

1. pinsedag kl. 18.00 (24. mai)  
Gudsteneste  
Per Børge Hillestad og Jostein Hauge  
Dåp  
Tirilltunga barnekor deltek  
Takkoffer til Den norske kyrkja i utlandet  
(Sjømannsmisjonen)

Søndag 14. juni kl. 19.00  
Vandring gjennom Kristuskransen  
Konfirmantane inviterar til gudsteneste  
Kollekt ved utgangen til dekking av utgifter

## Jer 18,1-6 Gå og sjå...

Mange av oss forsøkte leirskiva på skulen i si tid. Det var spennande å klaska leirklumpen i senter av ho. Vi skulle forma det flottaste kruset! Det gjekk lett. Vi dyppa hendene i vatn for å gjera dreinga smidigast mogleg. Og leira lyfta seg fint opp mellom hendene. Det nærma seg eit krus i utsjånad. Tynt og fint. Men plutseleg øydela sentrifugalkrafta det vi hadde skapt mellom fingrane våre.

Tilbake satt vi med eit makkverk som ikkje likna noko. Profeten Jeremia hadde med menneske og eit folk å gjere som ikkje alltid gjorde det som rett var. Til tider vart han både lei og kritisk i forhold til dei: Det nyttar jo ikkje for mitt folk å vera eit folk som vedkjenner seg og følgjer Gud. Tenkte han. Var det i det heile noko vits for Gud å vise dei nåde?

Kvifor tilgir Gud dei når han veit dei på ny vil gjera det som er gale? Kvifor orkar Gud å bry seg om forsoning og nye moglegheiter? Han har jo om igjen og om igjen gitt dei nåde, og snart er det akkurat som før. - Gi opp Gud!

Men profeten fekk erfara at Guds vesen var heilt annleis enn han trudde. Han gir aldri opp nokon. For Gud er personleg Nåden, Tilgjevinga og Forsoninga. Derfor nytta det ikkje med profeten sine innvendingar når han meir eller mindre direkte sa til Gud: Gi dei opp. Det nyttar ikkje likevel! Nokon kvar av oss kan nok ofte også vera som profeten: Gi opp den personen, dei folka der etc. Og nokon gonger trur vi at Gud også vil gi opp å vise oss nåde. Slik er ikkje Gud.

Gud brukte ofte eksempel slik Jesus også gjorde ved hjelp av likningane sine. Han bad profeten gå til pottemakerverkstaden. Der skulle han sjå og læra.... Profeten såg, og oppdaga korleis pottemakeren lagde om igjen dei krusa som av ein aller annan grunn ikkje blei vellukka. Pottemakeren ga aldri opp å forma på ny. Gud som skapar er slik. Det er mykje vondt både rundt oss, i oss sjølve og hos andre. Men Gud gir likevel aldri opp nokon av oss. Han vil fellesskap med oss. Han delar stadig ut nye startar til oss. Lik eit forvrent krus står vi alle overfor Gud. Alle, på like fot, treng vi Guds nåde og nye startar. Og fyrst i møte med den rause Gud, finn vi på ordentleg oss sjølve.

Vi bør også ha pottemakeren i våre tankar! Om menneske kan ha vanskeleg for å tilgi og bli forsona seg mellom, er Gud alltid villeg til det. Ein samtale og drøs med Gud er ofte det avgjerande. Det er jo ei bøn! Denne kan ingen hindra oss frå. Bøna er alltid tilgjengelig for oss. Dermed er Gud også alltid tilgjengeleg som lyttar til våre bønner. Bruk derfor bøna! For å be er eigentleg å sei: Gud eg treng deg. Høyr på meg og ta imot meg slik eg er. Det skal få vera vår daglege trøyst og gi oss styrke og frimod: Gud er nådig mot oss. "Amazing Grace..."

Per Børge



## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døpte:

03.04.15

Lina Louise Karlsson

05.04.15

Celine Victoria Sellevoll Langøy  
Joar Ulvøy

### Vigde:

04.04.15

Silvia Sortland og Odd Martin Austrheim

### Døde:

11.03.15

Arne Skauge f. 1939

27.03.15

Olav Karl Leikvoll f. 1919



## Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2015

Leveringsfrist

KB kjem ut

Nr. 5/15

2. juni

18. juni

(siste før ferien)

Nr. 6/15

11. aug.

27. aug

(første nr. hausten 15)

# Takk

## Vår varmest takk

til alle som fylgde vår kjære  
Ingve Fonnes til grava.

Tusen takk for kransar, blommar på grava  
og til heimen.

Helsing  
Kari, Gro og Eva

## Hjarteleg takk

for pengegåva som vart gitt til  
Nordliheimen i samband med gravferda  
til Berit Tresnes og Astrid Sætre.

Takksame helsingar frå

Personalet og bebuarane ved  
Nordliheimen

## Hjertelig takk

for blomstrer, helsinger og deltakelse ved  
vår kjære far/svigerfar,

Olav Leikvoll`s bortgang.

En spesiell takk til Nordliheimen for god  
pleie og omsorg i den tiden han var der.

Takk til prest Per Børge som  
besøkte han på Nordliheimen.

Takk til Vatne Begravelsebyrå,  
prest Harald Sundsbø,

organist Jostein Hauge og  
nydelig sang av Lisbeth Morken.

Hilsen fra  
Arne og Anne, Knut og Ester, Rita  
med familier.

## Hjarteleg takk

for fin rose med vase og fin helsing til  
80 års dagen min.

Takk til rosebæraren Britt.

-Helsing Margit-

## Hjertelig takk

til diakoninemnda og til Aud som kom  
med rose og kort til dagen min.

Helsing Aslaug Fonnes

## Tusen takk

til alle som hugsa meg på min 90-års dag.

Takk til roseberaren Kari Hatlevik og  
Neptun for flott blome-opsats.

Eg set pris på kvar og ein ei helsing.

Beste helsing Gunnar Stokholm.

## Vår varmeste takk

for blomster, helsingar og deltaking ved  
vår kjære mor, Astrid Sætre si gravferd.

Me vil takka prest Per Børge Hillestad

for ein god samtale før gravferda og  
for fin stund i kyrkja. Takk til Lisbeth

Morken og Jostein Hauge for  
fin song og musikk.

Takk til Peter Kubon som viste mor  
omsorg i mange år.

Ei spesiell takk til Nordliheimen for  
god pleie og omsorg. Ei stor takk for

pengegåva til Nordliheimen som vart  
gjeven i kyrkja.

Helsing Lilly, Anny og Olav  
med familier.

## **Kjære innbyggjarar i Austrheim,**

Austrheim kommune har teke imot 27 flyktningar til nå og skal truleg ta imot 7 til i løpet av 2015.

Det er ikkje enkelt å komme til et nytt land med veldig forskjellig kultur, men mange flyktningar lukkast her i Noreg. Me i flyktingtenesta jobbar med dette til dagen, men me ber og om hjelp frå dykk.

Me søker difor etter både fadderfamiliar og flyktingguidar.

**Me vil ynskje hjerteleg velkommen til alle som kunne vera interessert i å engasjere seg til eit uformelt og uforpliktande møte 11-05-15 frå kl. 18:30-19:30 på kommunehuset i kantina.**

Om du har spørsmål i forkanten kan du gjerne ta kontakt med:

Ian Percy (flyktningkonsulent) tlf. 95 52 66 23

Rigmor Ludvigsen (frivilligesentralen) tlf. 45 63 53 24

## **LOPPEMARKED**

Dato: 20. juni

Sted: Samfunnshuset

**Innlevering fredag 19. juni  
se nærmere klokkeslett neste nr.**

Eierlagene

## **Fasteaksjon 2015**

Takk til konfirmantar, foreldre og andre frivillige som var med på innsamlinga.

I år kom det inn kr. 54.829,-  
(2014 – 51.561,-)

Dette året var fokus på reint vatn.

Takk til alle som gav til innsamlinga

## Program for fredsmarkering – Selsøy 8. Mai 2015

- Kl. 09.30                    Båt frå Baløy, Langøy og Krossøy
- Kl. 11.00                    Velkomst v/Neptun Pensjonistklubb
- Kl. 11.05                    Gudsteneste v/sokneprest Per Børge Hillestad
- Kl. 11.40                    Innslag v/9. klasse fra Årås og Kaland skule
- Kl. 12.00                    Helsing og blomenedlegging v/varaordfører Helge Dyrkolbotn
- Kl. 12.10                    Vi syng "Ja, vi elsker"
- Kl. 12.15                    Tur til hytta  
Musikk v/korpsgruppa  
Matøkt på rasteplassen  
Skyss tilbake etter behov



## SOMMARFEST I DIAKONINEMNDA

Diakoninemnda skipar til sommarfest  
**på Kyrkjelydshuset torsdag 11.6.15. Kl 1700**

- Ord for dagen
- Rømmegraut, spekemat, kaffi og lefser.
- Underhaldning ved Kurt Hatten o.a.

**Meld deg på til Solrunn Monslaup innan onsdag 3. juni. Tlf. 56169289/95222543.**

**Velkomne!**

Helsing diakoninemnda

## OFRINGAR I AUSTRHEIM

11. jan.	Evangeliesentrene i Norge	kr. 1.566,-
25. jan.	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2.880,-
01. febr.	Bibelselskapet	kr. 3.523,-
08. febr.	Sangkveld – dekking av utgifter	kr. 1.903,-
15. febr.	Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter	kr. 1.879,-
01. mars	Misjonsprosjektet i Mali	kr. 3.745,-
15. mars	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3.066,-
29. mars	Sangkveld – dekking av utgifter	kr. 2.248,-
05. april	Misjonsprosjektet i Mali	kr. 14.207,-

### Årås Bedehus

Tirsdag 12. mai.	Bibeltime v/ Helge Keilegavlen, 19:00
Søndag 24. mai.	Formiddagsmøte 11:00. Christian Skoge talar. Nattverd
Tirsdag 26. mai.	Bønnesamling 19:00
Tirsdag 09. juni.	Bønnesamling 19:00

Meir info finn du på: [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Alle er velkomne til samlingane.

### **Bli med på tur i ØKSNESMARKA, søndag, 10. mai kl 11.00**

**Start nordst i Åråsfeltet/hyttfeltet, der rundløypa Årås – Øksnes Rebnord startar. (ved turskilt) Folk frå Øksnes og Rebnord fylgjer rundløypa til merke.**

**Ta med mat og drikke til rast ved stranda i området der noen meiner det bør byggast ut industri og djupvasskaiar. Tilførselsveggar må evt. gå gjennom store deler av Øksnesmarka.**

**Velkommen til søndagstur i eit urørt naturområde. Litt ulendt terreng, så kle og sko deg etter det. Turen går berre i bra ver/opphald. I tvil, ring 98871883/90077875**

**Turlosar: Jan Erik Espelid og Liv Ulvøy  
Vel møtt til alle – Ut på tur, aldri sur!**

Arr: Austrheim Venstre og Nordhordland Unge Venstre



**Austrheim Pensjonistlag sin sommartur vert fredag 12. juni og går til Massnes ved Sognefjorden og over fjellet til Stordalen der vi får middag.**

Start frå Austrheim Kyrkje kl. 08:30 om Solen og Mastrevik torg til Leirvåg.  
Ferje kl. 09:15.

Pris pr. person (15-20 personar) kr. 975,-

Vel møtt til koseleg tur.

Minner også om vårt medlemsmøte 13. mai kl. 16:00

Helsing Styret.

**KRUS**

På Kyrkjelydskontoret har vi flotte krus med motiv av Austrheim kyrkja for sal.

Dei kostar kr. 150,-.

Vi kan dessverre ikkje sende. Men dei kan tingast på tlf. 56 16 72 90 så kan dei hentast når det passar.



**Søndagsskole Årås**

Datoene for våren:

10. mai

Sted: Årås Bedehus.

Tid: kl 11.00.

Søndagsskolelærer; Hanne Daae  
medhjelper Ramona Monslau.

Vel Møtt.



## **KFUK- KFUM speidarane i Austrheim**

I 1967 var det ei nokså nystarta speidarforening for jenter i Austrheim, truleg starta eit par år før av lærarinna Hilma Mjåtvedt. (Kalla Frøken Mjåtvedt)

Inga Serenne Daae Forberg var med eit års tid då ho var lærar her. Ho minnes frå den tida at dei hadde kretsleir i Øystese, forutan ein telttur til Store- Stonge. Denne turen burde ha bekymra foreldra.

Redningsvestar fantes ikkje-, dei var ikkje båtvant-, telt, proviant, speidarar og leiarar vart lasta ombord i frk. Mjåtvedt sin trebåt med påhengsmotor. Når siste mann kom ombord var dei lasta til ripa, og det bar ut Åråsvågen. Det var den 30. april og dei bada. Neste morgon fann dei båten liggande å slå mot steinane. Fortøyninga var nok ikkje så profesjonell, men dei kom seg trygt heim.



Dette var i ei anna tid. Foreldre hadde ikkje bilar, og skulle dei på tur, måtte utstyret berast. Som tildømes då dei skulle på telttur i Blodvika, då det berre var utmark i det som no er Åråsfeltet. Når Inga hugsar akkurat båtturen til Stonge så godt, er det fordi ho aldri ville utsett nokon for slike “utflukter” og farar no. (Ho helsar til speidarar frå den tida. KB har tlf. nr hennar.)

Det var nokre år utan speidarar i Austrheim, men for 38 år sidan, i 1977 var Solveig Hopen med på å starta speidarforening på nytt i Austrheim. Det var frå før gutespeidarar, drive av Svein Johannessen og Thorleif Loftås, og dei oppfordra henne til å starte på nytt. Året etter kom Joronn Sætre tilflyttande, og dei to dreiv jentespeidarane ilag i mange år. Solveig har no med seg Vigdis Hopland, som sjølv har vore speidar.

Dei første åra hadde jentene og gutane mange fine turar ilag, men for det meste har dei vore kvar for seg.

I alle år har jentespeidarane vore samla om tirsdagane på Årås bedehus. I 1990 begynte dei med meiser. Då vart aldersgrensa satt ned til 7 år, og dei var 50 medlemmar. I dag er det berre 10 KFUK speidarar.



Speidarane frå Austrheim har vore på dei fleste landsleirane og kretsleirane sidan 1977. Den første landsleiren var på Jørstadmoen, seinare Noresund, Tromøya, Solør, Jæren, Valebø og Røros. På dei fleste av desse leirane regna det mykje. Spesielt på Noresund. På landsleirar er det mange tusen speidarar samla, og det er også speidarar frå mange land. 3 store leirar i England har speidarane frå Austrheim fått med seg. Dei reiser på dei

fleste kretsleirane. Dei er små og koslege, og det er lett å få nye vener. På ein kretsleir vart speidarane fra Austrheim best av alle i Hordaland. Dei var ganske krye då dei vann over alle gutepatruljane, som sjølv trudde dei var best.

Når dei er på leir og turar lagar dei all mate sjølv. Som oftast liker dei maten, sjølv om den av og til vert litt svidd. Det er ikkje alltid like lett å få fyr på grua dersom veden er våt. Dersom det regnar mykje, har dei ein presenning over bordet, slik at dei slepp å ete våte brødsiver til frukost. Ellers har det alltid vore ein tradisjonat Solveig lagar kakao som er litt ekstra søt kvar kveld. Då får alle varmen i seg før dei kryp i soveposen.



Når dei er ute og går i terrenget, er det alltid små bekkar og myrar som må passerast. Då er det alltid nokon som plumpar nedi og blir våt, men ingen blir sure av den grunn. Det som er så kjekt med speidaren er at alle er så gode vener, og samarbeidar om ulike oppgåver som skal løysast undervegs.

I mange år var det speidarane si oppgåve å gå fremst i 17 mai toget med flaggborg. Når det blas var det vanskeleg å halda flagget fint, og sjølv om dei gjekk med musesteg fekk dei av og til høyra at dei hadde gått for fort. Men både Joronn og Solveig meinte dei eigentleg var veldig flinke.

Ein annan fast tradisjon gjennom mange år er å delta på friluftsgudstenesta på Kristi Himmelfartsdag. I mange år slo dei opp telt og overnatta i Njøten natta før gudstenesta. Tidleg ein morgon då Egon var prest kom han på besøk med ferske rundstykker, og år frukost saman med dei. Dei gongane det var fin vær kom det mykje folk og var med på gudstenesta, men andre gonger var det så stygt vær at det nesten var berre speidarane og presten som var der. Dei seinare åra har denne gudstenesta vore i Øksneset, og no i Rongevær.



Bildet utlånt av Else Kubon

**Siste helga i Oktober har dei i 14 år reist på overnattingstur til Bergen og vore med på den årlege bymanøveren. I fjor kom jentene fra Åustrheim på 6 plass av 47 patruljer som deltok i småspeiderløypa.**

**Ta turen til Rongevær den 14 .mai no i år, og møt oss på gudstenesta der.**

**Masse speiderhelsinger til alle frå Solveig og Vigdis.**

**(I tillegg speidarane på Austrheim, er det ei nystarta speidargruppe knytt til arbeidet på Leirvåg Bedehus.)**

**Historia om speidarane i Austrheim er samansett av skriv frå Inga S Daae Forberg, og Solveig Hopen. Dei opprinnelege skriva er korta ned.**

# Nær 40 år gammel gutespeidarhistorie i Austrheim

Speidrarrørsla for gutane i Austrheim har ei historie som går nærare 40 år tilbake i tid. Den første gutespeidartroppen vart skipa i 1976 og fekk namnet «1. Austrheim tropp av KFUM-speidarar». Dei to viktigaste initiativtakarane til å få i gang eit speidarmiljø i Austrheim var Svein Johannessen og Torleif Loftås. Begge to var innflyttarar frå Bergen og hadde sjølv ei fortid som speidarar saman i Årstad i Bergen.

Speidartroppen vart etablert med patruljar både på Fønnes/Kaland og på Årås. Det vart raskt oppretta mødreforening, som saman med nevenyttige fedre, gjorde sitt til at unge og uerfarne speidargutar allereie sommaren 1977 kunne delta på kretsleir og seinare på andre samlingar med godt utstyrt patruljekassar, leirbålkappar og anna naudsynt utstyr.



Det kunne vore sagt og skrive mykje om opplevingar og hendingar knytta til dei første åra med gutespeidartropp i Austrheim. Mange har mange gode minner frå ymse friske utfartar og friluftaktivitetar i speidaruniform desse åra. Mykje godt kameratskap og samhald vart utvikla, og speidartilbodet vart ein viktig fritidsfaktor for mange av oss. Førstehjelp og bandasering fekk dei også rett som det var bruk for når det tok litt

av i aktivitetane, enten det var knivskadar i Øksnesmarka eller gnagsår på beina i samband med lengre turar der kart og kompass «svikta» og vi gjekk oss litt vill. .

Eit av mange høgdepunkt var i pinsehelga i 1978 då delar av speidartroppen gjekk halve Nordhordland Rundt til fots. Turen starta nord på Radøy og enda med såre bein på Seim. Andre høgdepunkt var turar til Gladihaug, kretssamlingar på Kvamskogen og landsleir/TT-treff i Stavanger.

Troppen, basert på den gamle speidargruppa, vart nedlagt i 1980/81 grunna lav oppslutning. Godt og vel 10 år seinare starta arbeidet opp igjen.

## FRÅ GUTESPEIDAR TIL GUTEKLUBB OG TILBAKE

Då KFUM-gutespeidaren vart lagt ned , viste det seg at det var trong for ein guteaktivitet vidare. Det vart vurdert at det kunne vera aktuelt å starte opp med ein guteklubb. Og guteklubb vart starta.

Den heldt til i kjellaren på Årås bedehus og dei møttes ein gong i veka. Aktivitetane var lek, spel, ord for dagen og hobbyaktivitetar.

Målgruppa var gutar frå 5. klasse og oppover. Det var mange som kom og det var spennande år med mange gongar krevjande timar i lag med ein livleg gutegjeng. Vi hadde og turar i nærmiljøet her i Austrheim. Vår og haust tok vi syklane og hadde sykkelturnar. Minnast godt eine turen til Ulvøy langs sjølinja. Nokre foreldre hadde bakt bollar til gutane og det var pause i Ulvøy-bakkane.

-Guteklubben på Tur til Ulvøy.



Det årlege høgdepunktet var basaren. Her vart produkta som gutane hadde laga lodda ut saman med andre gevinstar. Inntekten gjekk til KFUK-KFUM. Spennande, krevjande, men også gjevande tid.

Tidleg på 1990 talet kom det opp ønske om å starta opp med KFUM-gutespeidar igjen. Og gutespeidar vart det. Guteklubben vart lagt ned og overgangen frå guteklubb til KFUM speidar gjekk fint, og mange av gutane frå Guteklubben gjekk inn i speidaren.

-planleggingsmøte 1993.



I 1994 var det landsleir i Solør og Jan Erik Espelid reiste med ein gjeng til denne landsleiren. Austrheim KFUM –speidarane heldt fram til slutten på 1990 talet.

Den siste landsleiren KFUM speidarane i Austrheim var med på var 1998 på Jæren på «Herlege Hå.»



-Minnene frå speidar og guteklubb er samansett av skriv frå Øyvind Risnes og Lars-Even Mongstad. Nokre av bildene er utlånt frå Gro Johannessen-

# 150 ÅRS MARKERINGA FOR AUSTRHEIM KYRKJA

Så var den store dagen over, den vi har planlagt så lenge og som vart så fin.

1. påskedag kom med gråvær og regn, men det var lys over Austrheimkyrkja og folket her likevel. Ei fullsett kyrkje fekk oppleve ei flott gudsteneste.

Biskop Halvor Nordhaug hadde jubileumspreika og drog tråden til dei som hadde gått føre, sokneprest Per Børge Hillestad var liturg og leia det meste av gudstenesta, han forretta dåpen til dei to dåpsborna. Trur ikkje det var eit tørt auge då vi fekk vere med å synge for dei to små.



Etter denne fantastiske og gode opplevinga kom vi til eit festpynta Samfunnshus, rød løpar og flagg på trappa møtte oss. Ein flott pynta sal og god mat.

Alle prestar, organistar og tilsette, både dei noverande og dei som har vore det tidlegare var invitert. Det same var frivillige og alle bygdefolk som hadde lyst å feire kyrkja og kyrkjelyden.

Så dei var der både Tore Tangen, Svein Harald Nilsen, Jan Ulveseth, Børge Ryland, Harald Sundsbø og Magne Bjørndal, forutan biskop Halvor og vår noverande prest Per Børge.

Helsingar og minner frå tidlegare tider, både på det som var godt og lett og det som hadde vore tungt å kome gjennom, festen vart leia av utflytta austrheiming Kjell Bergsvik.

Organist Jostein leia det musikalsk med innslag av Kjell på saksofon. Trond-Einar Sørensen sytte som vanleg for nydeleg lyd og lys.



Så vi kunne godt å stemt i med med songen: «Mykje lys og mykje varme», for vi kjende den gode og varme atmosfæren.

Men jubileumsåret er ikkje omme. Neste post vert Friluftsgudstenesta på Kristi Himmelfartsdag, den 14. mai. Då går det båt ut til Rongevær kurs og fritidssenter, KFUK speidarane lagar til og Per Børge og Wilco har gudstenesta, og det vert dåp.

Vi har hatt utstilling ståande på Kyrkjelydshuset sidan veka før påske, i skrivande stund vert den rydda bort. Den har vor godt besøkt og særleg har Årås skule nytta høve til å besøke kyrkja og utstillinga. Det er og laga ein ein liten film over Austrheimbygda, kyrkja og utstillinga, denne kjem til å bli litt redigert og lagd ut på heimesida vår. ([www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no))

Takk til alle som kom til kyrkje og på festen 1. påskedag, de var med å gjere dagen til ei uforgløyemeleg oppleving. Takk til alle som har gjort dugnad med utstillinga.

-Soknerådet-







Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## KALENDER

Bur du i Lindås kommune hører til Kaland skule og har lyst på den flotte Austrheim kalenderen kan du henta den gratis på Kyrkjekontoret.

Andre utanbygds kan få kjøpe den til halv pris.

Mange fine bilete frå ny og gamal tid.

Tlf. 56 16 72 90

## Fotpleie

11. mai

8. juni

29. juni



**Kontakt Asbjørg Lohne 918 07 436**





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

## DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



### Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opptil 7,5 tonn
- Regsterskift
- Reparasjoner
- Servicer Intervall
- A/C/kilmaservice
- El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
- Glasskifte og rep.
- NB! Vi gir rep. tilbud
- Alt Innen dekk

### Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler før hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende under-spylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polering = 9 min
- Hver 6. vask gratis



### Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handel!  
[www.boschcarservice.no](http://www.boschcarservice.no)  
E-post: [fosbil@online.no](mailto:fosbil@online.no)



## Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Åråshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*



**Panasonic  
varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenseanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befaring!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Biblioteket - opningstid

### Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag	Fredag
17-19 Familie/born (foreldre med små born vert prioritert)	17-18 Alle 18-19 Alle 19-20 Alle
19-20 Pensjonistar	20-21 Alle
20-21 Vaksne	

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-  
Bassenget sine opningstider føl skuleruta

## Annonce i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 56 35 10 03**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00. Me svarar på**

**telefonen 08.30 - 12.00 og**

**13.00 - 15.00.**

**Utanom desse tidene**

**kun øyeblikkeleg hjelp.**

**Ingen reseptbestilling måndagar.**

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

### BANDABUTIKKEN AS

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: [post@bandabutikken.no](mailto:post@bandabutikken.no)  
Nettbutikk: [www.bandabutikken.no](http://www.bandabutikken.no)



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!

Følg oss på [facebook/bandabutikken](https://www.facebook.com/bandabutikken)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Giving Hope To A Child (GHTAC)

**Giving Hope to a Child** har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å byggje og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår: [www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

<i>Stine B. Karlsen</i>	Styreleiar	<i>Arne Lerøy</i>
Styremedlem		Styremedlem
<i>Ole Moen</i>		<i>Monika Thorpe</i>
Forretningsfører		Styremedlem.





# LERVÅG BEDEHUS

## MØTER

**Søndag 24.05** kl 19:00 Møte: Geir Talberg taler

**Torsdag 28.05** kl 19:00 Årsmøte i Stiftelsen Betania Lervåg

**Søndag 07.06** kl 19:00 Møte: Linda Nærøy taler

**Søndag 21.06** kl 19:00 Siste møte før sommerferien

---

## UNGDOMSKVELDER

fredager kl 19:30 – 22:30 fra 7.klasse

**8.mai**

**22.mai**

**5.juni**

**19.juni**

# Austrheimløp søndag 14.06.2015

I år er det 25. gongen Austrheim IL arrangerer Austrheimløp.  
Me håpar på flott vær og bra oppmøte!

Start kl. 13:30-14:00 ved Austrheim Samfunnshus

Påmelding frå klokka 12:00-13:30 i sekretariatet.

Kort løype: 2,5 km (for barn t.o.m 12 år) – start kl. 14:00

Lang løype: 6 km (f.o.m 13 år og oppover) – start kl. 14:00

Trim: 5 km u/tid (for alle) – start kl. 13:30



Lang løype - rundløype med start/målgang v/Austrheim Samf.hus, går via Austrheim Krk, Solend, Årås

Kort løype - start v/ Austrheim Samf.hus med vending i rundkjøring ved veikryss mot Sævrøy/Fedje. Målgang v/Austrheim Samf.hus.

Trimløype er rundløype via Hjertås. Start/målgang v/Austrheim Samf.hus

Startkontigent:           100 kr for voksne (fra 13 år og oppover)  
                                  50 kr for barn (t.o.m. 12 år)

Passar for alle enten du går for seier eller vil ha deg ein fin tur!

Masse flotte premiar (gavekort m.m).

Velkommen!

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

**AMAZING GRACE**

**Amazing Grace, how sweet the sound  
That saved a wretch like me  
I once was lost but now am found  
Was blind, but now, I see**

**T'was Grace that taught  
my heart to fear  
And Grace, my fears relieved  
How precious did that Grace appear  
the hour I first believed**

**Through many dangers, toils and snares  
we have already come  
T'was Grace that brought us safe thus far  
and Grace will lead us home**

**The Lord has promised good to me  
His word my hope secures  
He will my shield and portion be  
as long as life endures**

**"Amazing Grace, how sweet the sound  
That saved a wretch like me  
I once was lost but now am found  
Was blind, but now, I see**